



SGON OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding skuleåret 2014/2015

Elev- og lærlingombodet



INNHOLD

FØREORD	3
INNLEIING	3
ARBEIDSFORM	3
SKULEBESØK - SAMARBEID MED ELEVORGANISASJONEN	3
MOBBEOMBOD	4
KURS, KONFERANSAR OG AKTUELL LITTERATUR OM MOBBING	4
LANDET LÆRER AV SOGN OG FJORDANE	4
HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING	5
TAL SAKER TOTALT	5
REGELVERKET RUNDT OMVAL - OG REVURDERING AV DETTE	6
OVERSIKT OVER DEI ULIKE OPPLÆRINGSKONTORA	7
LÆRLINGSAMLINGAR	7
YRKESMESSER OG KARRIEREDAGAR	8
NY BANNER OG NY INFORMASJON PÅ FACEBOOK OG HEIMESIDER	8
FYLKESTING FOR UNGDOM	8
UTFORDRINGAR FRAMOVER	9
HANDLINGSPLAN FOR OMBODET	9
KONKLUSJON	10

FØREORD

Ordninga med elev- og lærlingombod er ei innarbeidd ordning i Sogn og Fjordane, noko som gjer at elevar og lærlingar enkelt finn informasjon om korleis dei kan ta kontakt. Både på Facebook, heimesidene til dei vidaregåande skulane, på fylkeskommunen si heimeside og i informasjonsmateriell til lærlingar er der kontaktinformasjon til ombodet. Ved skulebesøk, på fellesarenaer for ungdom og på lærlingsamlingar er det mange som tek direkte kontakt for spørsmål, i tillegg til kontakt via e-post, telefon og Facebook. Elev- og lærlingombodet har positiv erfaring med å avtale samtale med den enkelte tidleg i prosessen, for så å løyse saka på lågast mogleg nivå.

Elev- og lærlingombodet jobbar på eit fritt og uhavhengig grunnlag, og rapporterer direkte til fylkestinget.



Skulebesøk ved Øyrane vidaregående skule

INNLEIING

Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane har ombodsansvar for 4121 elevar og 1073 lærlingar. Ombodet bistår elevar, lærlingar og elevråd både i enkeltsaker og saker av meir generell karakter. Rolla som brubyggar mellom partane er sentral. Likeeins å motivere elevar og lærlingar til å bli aktive og samfunnsmedvitne, og at dei aktivt deltek i planlegging, gjennomføring og vurdering av eiga opplæring. Ombodet har teieplikt. Årsmeldinga gir eit oversyn over korleis ombodet jobbar, og kva saker/problemstillingar som har vore jobba med.

ARBEIDSFORM

Dei aller fleste sakene blir løyste gjennom samtalar på lågast mogleg nivå, altså, mellom dei partane saka gjeld. Dersom det ikkje let seg gjere, blir opplæringsavdelinga kopla inn. Opplæringsavdelinga blir også orientert dersom det er sider ved opplæringa i skule eller bedrift som bør sjåast nærmare på. Ombodet legg vekt på ei arbeidsform der dei ansvarlege kjem raskt på bana for å hjelpe den enkelte elev og lærling. Dialog mellom dei partane saka gjeld, og tidsfrist for å få saka løyst, er ein effektiv arbeidsmåte. I kun tre tilfelle inneverande skuleår har det vore naudsynt å purre på uløyste saker.

SKULEBESØK - SAMARBEID MED ELEVORGANISASJONEN

Nytt av skuleåret er at elev- og lærlingombodet og elevorganisasjonen samarbeidde om planlegging og gjennomføring av alle skulebesøka hausten 2014. Dette var så positivt for alle partar at tanken er å vidareføre dette samarbeidet også kommande skuleår. På den måten får elevane ei «temaøkt» om

elevrådsarbeid, rettar og plikter komprimert på ein og same dag, i stadenfor at EO og ombodet kjem til to ulike tidspunkt.

Elev- og lærlingombodet deltok også i vår på Elevtinget i Oslo.



Skulebesøk ved
Sogndal vidaregående skule

MOBBEOMBOD


Fylkestinget vedtok i juni 2014 at elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane også skal vere mobbeombod i vidaregåande opplæring. Ombodet har difor lagt særleg vekt på informasjon om denne rolla på skulebesøka i 2014/2015. Som eit ledd i dette har læringsmiljøet og opplæringslova § 9a fått særleg fokus. I nemnde lovparagraf heiter det at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Alle tilsette har plikt til å gjere noko viss dei får vite om eller har mistanke om at nokon opplever krenkande åtferd. Etter at dei tilsette har undersøkt saka og funne ut at dette er noko skulen bør følgje opp, har dei plikt til å varsle rektor. Skulane må ha rutinar for når dei tilsette skal varsle rektor, og korleis varslinga skal skje. Leiinga har ansvar for å setje inn tiltak som kan gjere situasjonen betre. Når elevar eller foreldre ber om at noko blir gjort med det psykososiale miljøet skal skulen fatte enkeltvedtak. Enkeltvedtaket skal seie noko om kva skulen vil gjere vidare i saka, og det skal innehalde ei begrunnning. Vedtaket skal som hovudregel vere skriftleg, og det må innehalde opplysningar om at det er mogleg å klage og om klagefristen.

Ombodet har fått positive tilbakemeldingar frå elevar om at skulane har sett ekstra fokus på nettopp læringsmiljøet dette skuleåret. Det vil i praksis seie auka fokus på korleis ein kan førebyggje mobbing. Det å førebyggje mobbing er særstakt viktig, og det krev kontinuerleg og systematisk arbeid frå både elevar og tilsette.

KURS, KONFERANSAR OG AKTUELL LITTERATUR OM MOBBING

I tillegg til å ha delteke på kurs og konferansar om mobbing, og nærliggande tema, har ombodet også brukt følgjande bøker som grunnlag for informasjon til elevar og lærlingar:

- «Slik stopper vi mobbing» av Erling Moen, Universitetsforlaget 2014
- «Mobbingens psykologi, Hva kan skolen gjøre?» 2. utgave, av Erling Roland, Universitetsforlaget 2014



LANDET LÆRER AV SGN OG FJORDANE

I slutten av mars 2015 arrangerte ombodet felles konferanse for elev- og lærlingomboda i landet. Konferansen fann stad i Førde. Hovudtemaet var «Det gode læringsmiljøet» og «Korleis førebyggje mobbing». Her

fekk Sogn og Fjordane «vise seg litt fram» for dei andre fylka ved at Firda vidaregåande skule vart invitert til å halde føredrag om korleis dei jobbar for å få til eit best mogleg læringsmiljø. Det vart mellom anna peika på kor viktig det er å bry seg om den enkelte elev, og det å ha inkluderande møteplassar/aktivitetar i og utanfor skuletida. Konferansen gav inspirasjon til omboda frå dei andre fylka til å ta lærdom av Sogn og Fjordane.

HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING

Elev- og lærlingombodet har delteke på alle møta i hovudutval for opplæring inneverande skuleår bortsett frå to møte der ombodet måtte delta i andre møte.

TAL SAKER TOTALT

Totalt har ombodet motteke 232 saker skuleåret 2014/2015, 88 frå elevar og 144 frå lærlingar. I fjar var talet totalt 227 og i forfjor 224. Det viser at tal saker har vore nokolunde stabilt dei siste åra. I år er det 9 fleire saker frå elevar enn i fjar, og 4 færre frå lærlingar. Med saker meiner vi alle typar problemstillingar og spørsmål, som elevar og lærlingar treng råd og hjelp til å løyse. Venteleg har det i år vore ein auke i spørsmål knyta til opplæringslova § 9a som omhandlar læringsmiljøet, og det å førebyggje mobbing.

SAKER FRÅ ELEVAR	TAL SAKER
Korleis jobbe førebyggjande med mobbing	14
Korleis ta opp vanskelege spørsmål med lærar	3
Spørsmål vedr læringsmiljøet og § 9 a i opplæringslova	12
Andre spørsmål vedr opplæringslova, forvaltningslova og arbeidsmiljølova	4
Ønskje om eit oversiktleg og tydeleg lov- og regelverk	4
Spørsmål vedr ordensreglementet på skulen	3
Forbetring av karakterar	4
Endring av elevstatus - frå fulltidselev til deltidselev	5
Generelle spørsmål vedr vurdering i fag	3
Spørsmål vedr fråvær, og dokumentasjon av dette	5
Klage på karakter - framgangsmåte	2
Fråvær av lærar - bruk av vikar	2
Rettleiing vidare i systemet - elevar med psykiske problem	4
Fare for manglante vurderingsgrunnlag	2
Elevar som vurderte å slutte på skulen (men slutta ikkje)	3
Elev frå anna fylke som ønskjer å gå vgs i Sogn og Fjordane	1
Konflikthandtering elev-elev	5
Konflikthandtering elev-lærar	2
Spørsmål om privatisteksamen	4
Rett til lån og stipend under utdanning	6

REGELVERKET RUNDT OMVAL - OG REVURDERING AV DETTE

Elev- og lærlingombodet har teieplikt, og kan sjølvsagt ikkje kommentere enkeltsaker. Ombodet vil likevel peike på følgjande problematikk som har vore vanskeleg å handtere både for elevar og skuleleiing. Kort fortalt har endringar i forskrift til opplæringslova § 6-5 gjort det vanskeleg ved omval å forbetre karakter i fag. Det har mellom anna medført endring av elevstatus frå fulltidselev til deltidselev. Dei nye reglane har ført til stor frustrasjon for elevar og meirarbeid for lærarar og leiing. Ombodet koplar alltid opplæringsavdelinga inn i slike saker, og har positiv erfaring med det. Det er viktig at både opplæringsavdelinga og ombodet signaliserer oppover i systemet når det viser seg at forskriftsendringar/regelendringar får så uheldige konsekvensar som dette. I mellomtida pliktar skuleeigar sjølvsagt å følgje gjeldande lov- og regelverk. Så har også blitt gjort.

SAKER FRÅ LÆRLINGAR	TAL SAKER
Mangel på informasjon om lærlingordninga til dei tilsette i lærebodrifta	12
Betaling av bøker og materiell i læretida (ulik praksis frå lærefag til lærefag)	9
Korleis førebyggje mobbing	7
Problemstillingar vedr § 9 a i opplæringslova	8
Kvalitetssikring av halvårssamtalar	4
Mangel på arbeidsavtale for lærlingar	4
Lærling som ikkje er oppmeldt til teoriprøva av opplæringskontor	1
Spørsmål vedr arbeidsmiljølova	12
Einsidige og gjentekne arbeidsoppgåver utan læringsprogresjon	5
Spørsmål om å bytte lærepass	3
Lærlingar som må avslutte læretida av helsemessige grunnar	2
Heving av kontrakt	2
Uklar ansvarsfordeling på arbeidsplassen	6
Fortviling over ikkje å ha fått lærepass	4
Spørsmål om bruk av overtid	7
Spørsmål om lønn	9
Arroganse frå opplæringskontor	3
Beskjed frå opplæringskontor til lærling: «Ikkje ta kontakt med ombodet. Dette ordnar vi opp i internt»	3
Lærlingar som vurderer å slutte, men ønskjer å bli motivert til å halde fram	4
Spørsmål om rett til lån og stipend	14
Manglande tilbakemelding på utført arbeid	4
Frykt for represaliar ved varsling av därlege tilhøve	3
Lærling føler seg oversett og ikkje teken på alvor	3
Forlenging av læretid	5
Spørsmål om rabattordningar (buss/båt) for lærlingar	10



Yrkesmesse på Eid vidaregåande skule

OVERSIKT OVER DEI ULIKE OPPLÆRINGSKONTORA

Her følgjer ei oversikt over dei ulike opplæringskontora:

- Bilbransjens opplæringskontor (BOK)
- Byggmestrenes Servicekontor as Avdeling Sogn og Fjordane
- Byggopp, Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk i Sogn og Fjordane
- Foreningen Frisørfagets opplæringskontor
- Opplæringskontoret for håndverksfag i Vestfold
- Opplæringskontoret for Indre Hordaland
- Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)
- Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring
- Opplæringskontoret for transport og logistikk
- PRO - Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri
- Pro Opplæringskontor for industri- og teknologifag
- Raise opplæringskontor for Frisører as
- Sogn opplæringskontor
- Traktorbransjens opplæringskontor
- Årdal opplæringskontor

I tillegg har fylkeskommunen sine eigne regionkontor innan fagopplæring i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

LÆRLINGSAMLINGAR

Elev- og lærlingombodet har delteke på dei regionvise lærlingsamlingane også i år. Det er svært positivt at fylkeskommunen arrangerer desse samlingane. Lærlingane melder tilbake at dette set dei stor pris på. Her blir det formidla relevant og viktig informasjon om læretida frå ulike instansar. Også trafikktryggleik og køyring av firmabil er tema på lærlingsamlingane.



Lærlingsamling i Førde

YRKESMESSER OG KARRIEREDAGAR

Ombodet ser det som viktig å vere mest mogleg på arenaer der elevar og lærlingar er. I tillegg til skulebesøk, bedriftsbesøk og lærlingsamlingar har ombodet også delteke på yrkesmesser, karrieredagar og ulike arrangement i regi av open skule. Dette er gode arenaer for å møte ungdommen og å gi informasjon til noverande og framtidige elevar og lærlingar om ombodsordninga.



Frå Eid vidaregående skule

NY BANNER OG NY INFORMASJON PÅ FACEBOOK OG HEIMESIDER

Hausten 2014 utarbeida fylkeskommunen ny banner til elev- og lærlingombodet. Denne har vore flittig i bruk heile skuleåret både på stand, skulebesøk, lærlingsamlingar og andre arenaer der ungdom har vore samla. Som mobbeombod var det viktig å få på plass ny og riktig informasjon både på Facebooksida, heimesidene til skulane og fylkeskommunen samt på plakatar og nemnde banner.

FYLKESTINGET FOR UNGDOM

Elev- og lærlingombodet har inneverande skuleår hatt dialog både med ungdomspolitisk utval og fylkestinget for ungdom. Ombodet vart invitert til å halde helsingstale på fylkestinget for ungdom på Skei hotell i mars. I talen peika underteikna mellom anna på kor viktig det er at ungdommar engasjerer seg og blir samfunnsmedvitne. Og nettopp det var arbeidet som vart lagt ned under nemnde fylkesting eit godt døme

på. Vidare nytta ombodet taletida si til å framheve det viktige ved eit godt læringsmiljø, og det å førebyggje mobbing.



Gruppearbeid på fylkestinget for ungdom

UTFORDRINGAR FRAMOVER

Det er særleg følgjande utfordringar ombodet vil peike på:

1. Det viser seg å vere ulik praksis frå lærefag til lærefag når det gjeld kva lærlingar må betale sjølv av utstyr og materiell til opplæringa. Lovverket er uklart på punktet om gratis læremidlar. Elev- og lærlingombodet ser at det er behov for utarbeidning av felles retningslinjer å gå etter på dette området, slik at det ikkje er tvil om kven som skal betale kva. Det går ikkje tydeleg fram av lovteksten om gratisprinsippet berre gjeld elevar, eller elevar og lærlingar. Her trengst det ei oppklaring.
2. Når ny lærling startar læretida si i bedrift er fagansvarleg og instruktør godt orientert om kva lærlingordninga går ut på, og kva lærlingen skal lære. Derimot er det stor variasjon i kva informasjon dei andre tilsette i bedrifta har fått. Det medfører mellom anna at lærlingen får spørsmål frå sine kollegaer om vedkommande er praksiskandidat, om vedkommande er på utplassering eller om vedkommande er vikar i bedriften. Elev- og lærlingombodet ser for seg eit kort infoskriv eller ei felles munnleg orientering til alle tilsette i lærebedriften om kva lærlingordninga går ut på, og når vedkommande skal begynne. Det vil skåne lærlingen for unødvendige spørsmål og gjere både lærling og øvrige tilsette tryggare i læresituasjonen, og gje mindre grobotn for mistydingar.

HANLINGSPLAN FOR OMBODET

- Vere synleg og tilgjengeleg for alle elevar og lærlingar
- Skulebesøk med særleg fokus på førebyggjing av mobbing
- Møte med elevråd med fokus på § 9 a i opplæringslova
- Elevamtalar
- Lærlingsamtalar
- Delta på relevante kurs og konferansar
- Bedriftsbesøk
- Delta på lærlingsamlingar
- Delta på arenaer der elevar og lærlingar er samla
- Samarbeide med dei andre omboda i landet og delta på fellessamlingar
- Dialog med opplæringsavdelinga
- Delta på møta i hovudutval for opplæring
- Delta på møta i fagopplæringsnemnda

KONKLUSJON

Skuleåret 2014/2015 har i likskap med tidlegare år vore eit år med høg aktivitet. Sakene eller problemstillingane som kjem til elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane er ikkje unike for vårt fylke. Det er eit positivt trekk at både elevar og lærlingar er flinke til å ta kontakt med ombodet før problemet har vakse seg stort. Etter samtale med og bistand frå elev- og lærlingombodet blir dei aller fleste sakene løyste internt på skulen eller i lærebodrifa.

Elev- og lærlingombodet har merka eit auka fokus på læringsmiljøet, og kor viktig det er for trivsel og læring. Dette kan skuldast at ombodet, som mobbeombod, har brukte ekstra tid på nettopp dette temaet. Alle elevar og lærlingar har blitt oppfordra til sjølv å vere aktive i å løyse konflikter og å førebyggje mobbing.



Skulebesøk ved Firda vidaregåande skule

**Venke Nordeide
elev- og lærlingombod i Sogn og Fjordane**



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsidefoto: Skulebesøk ved Stryn vgs.
Alle foto: Venke Nordeide